



Eit nytt Webkamera vil gje langt betre kvalitet på overføringa frå elvosen, camping, båthamner og Uskedalen sentrum.

Knut Andreas Myklebust har ytt ei teneste med webkamera som dekkar elvosen, campingen, båthamnene og område rundt. Mange har sett pris på dette tilbudet. Det gjeld særleg dei med bular og hytter på campingen og dei med båtar i Øyro Marina og i Uskedal båtlag si hamn. Mange sit langt borte og er oppdatert på situasjonen i Uskedalen, til dømes ved dårleg ver.

Knut Andreas Myklebust skriv:

Det blir no jobba med å få til eit nytt WEBkamera for å skifta ut det gamle for å dekkja Uskedalen Båthamn og område rundt. Det gamle er 10-15 år og med ein teknologi deretter, noko som gir 0.3 megapixel bilete.

Det er ynskje om å bytta til eit kamera meir opp til dagens teknologi, då med 3 megapixel og mulighet for HD film. Vi er nesten i mål med å få dette til, men manglar støtte frå nokre bedrifter/lag, for å koma under målet på under kr. 600,- frå kvarbidragsytar.

Alle firma, som er med, vil få sin logo presentert på sida der bilde / film blir vist.

Nytt kamera vert lagt ut i samarbeid med Uskedalen.no, men blir ope for andre å visa bilde med link opp mot sida der stort bilde blir vist.

Om nokon ikkje er blitt spurt, og ynskjer å vera med, så kan ein ta kontakt med Knut A Myklebust, tlf 41230804 privat@kamykle.net

Det er også ope for bedrifter utanfor Uskedalen å gje si støtte.

Tekst: Kristian Bringedal/ Knut A. Myklebust

Foto: Knut A. Myklebust

Nett: Kristian Bringedal